

Etne og Kvinnherad har det som skal til:

- Hydrogen kan bli stort

For å etablere lokale anlegg som produserer hydrogen, må du ha vatn og elektrisk kraft. Kvinnherad og Etne har begge deler.

SIGMUND HANSEN
redaksjonen@h-avis.no

ETNE/KVINNHHERAD: Og helst ein stad å gjera av all den reine oksygenet som blir att etter utskiljinga av den verdifulle hydrogengen. Det treng for eksempel Mowi sitt settefiskanlegg i Fjæra.

Like før påske kunngjorde Sunnhordland Kraftlag (SKL) at dei går saman med det gassteknologiselskapet Liquline i Bergen i eit nytt firma som skal produsere hydrogen lokalt: Hydrogen Solutions.

I Liquline er to kvinnheringar sentrale, Knut Førland og Ove Røssland. Kundegruppa er havbruksnæringa, industri, skipsfart og tungtransport på land. Og det nye firmaet går stikk motsett av store konkurrentar som satsar på storskala, sentralisert produksjon av hydrogen - noko som krev enorme mengder elektrisk kraft, like enorme investeringar og transport av hydrogen over lange avstandar på til dels dårlege, norske vegar.

Hydrogen Solutions vil tilby små og store, skalerbare produksjonsanlegg - og vil med dette også gjera det moglege å byggja småkraftverk der det ikkje er store nok overføringsnett til å ta all elkrafta ut. Som for eksempel Rullestad og Åkrafjorden.

Lokal satsing

- Me har mest tru på lokalprodusert, grøn hydrogen. Sunnhordland har vatn, elkraft, havbruk og industri. Me satsar på hydrogenproduksjon som gir verdiskaping og arbeidsplassar i distrikta, seier naturgassveteranen, hydrogenentusiast, dagleg leiar og største eigaren i selskapet Liquline, Knut Førland i Rosendal. Han trur hydrogen kan bli stort i Sunnhordland.

- Hydrogen kjem for fullt no. Det er nødvendig for å klara nasjonens CO mål og det utslippefrie samfunnet, slår han fast.

Difor ser han det som ein styrke at Liquline har fått med seg ein stor og lokal, grøn kraftprodusent som SKL på 50-50-basis i det nye hydrogen-selskapet.

Spenning i mai

Det nye selskapet har alt kasta seg inn i konkurransen om kontraktar. I mai blir det avgjort kven som får kontrakten på å levera hydrogen til eit nytt skip som skal gå i rute mellom Austlandet og Vestlandet - utslippefritt. Korn frå Felleskjøpet Agri i Østfold til Vaksdal Mølle og stein tilbake til Heidelberg Cement sin betongproduksjon austpå.

Får Hydrogen Solutions tilslaget, blir det sannsynlegvis ein hydrogenstasjon i kvar ende av den faste ruta.

- Her er mange konkurrentar. Men me er i alle høve i gong, seier leiar for utviklingsavdelinga i SKL, Kjetil Harestad.

Han fortel at SKL har arbeidd med hydrogen sidan 2013 og gjekk den gongen inn i ein intensjonsavtale med Tizir i Tysedal, om eit samarbeid om å gå frå kol til hydrogen i produksjonen.

- Dei valde å gå vidare med å konvertera frå kol til hydrogen etter eit litt anna spor, seier Harestad.

I Hydrogen Solutions ser han at SKL kan koma i posisjon til å levera vasskrafta som trengst til små og større, skalerbare hydrogenanlegg. Anlegg som ligg der både kundane og krafta finst.

- Me skil oss ut

Knut Førland seier det lokale selskapet, som skal ha forretningskontor i Kvinnherad, skil seg ut frå mange av konkurrentane fordi dei satsar på grøn hydrogen laga av fornybar vasskraft og lokal produksjon tett inntil kundane slik at transportleddet blir eliminert.

- Og fordi me har skalerbare



EIN LITEN HYDROGENFABRIKK: Slik kan eit skalerbart hydrogenanlegg i ein container sjå ut. Hydrogen Solutions, eigd av SKL og kvinnheringar, har avtale med eit dansk elektrolysefirma som leverer slike containerbaserte anlegg i ulike storleikar. **ILLUSTRASJON: HYDROGEN SOLUTIONS**

løysingar der me kan starta produksjon ein stad med eit lite anlegg, for eksempel eit 125 kW-anlegg som produserer om lag 65 kilo hydrogen per dag (ein liten bil treng om lag ein kilo hydrogen for å køyra 100 km), så kan dette anlegget skalerast opp til mange tonn produksjon i døgeret ved auka behov. Einaste utslipp frå produksjon og bruk av hydrogen er rein vassdamp.

Tre bransjar

Tre bransjar blir rekna som framtidens hovedkunder for utslippefrie hydrogen - enten i komprimert form eller flytande: Transport til sjøs og på landevegen, oppdrettsnæringa og industrien.

- Kva med prisen samanlikna med diesel og biodrivstoff?

- Hydrogen er konkurransedyktig, og dessutan er det svært energieffektivt. Ein privatbil

treng til dømes berre ca. 5 kg på tanken for å køyra 500 kilometer. Pumpeprisen på hydrogen er i dag ca. 90 kr/kg. For skip er hydrogen per i dag vesentleg dyrare enn diesel, men konkurransedyktig med biodiesel. Dessutan går CO avgifta kraftig opp, slik at fossile alternativ framover vil bli mindre og mindre konkurransedyktige.

Hydro satsar I førre veka melde Hydro at dei vurderer å byggja og driva produksjonsanlegg for hydrogen.

- Me jobbar med konkrete prosjekt, sa hydrosejefen, Hilde Merete Aasheim til E 24.

Ho fortalde at Hydro vurderer å byggja elektrolyseanlegg som kan produsere hydrogen ved hjelp av fornybar straum - ein prosess som ikkje gir CO-utslipp.



VENTAR GJENNOMBROT: Knut Førland frå Rosendal, ein av to storeigarar i selskapet Liquline, har jobba med naturgass i mange år.

FOTO: PRIVAT

LES MEIR PÅ H-AVIS.NO

310.000 SAS-passasjerer i mars



ØKTE: Antallet SAS-passasjerer økte med 40 prosent fra forrige måned, det viser tall fra SAS. **FOTO: NTB**

OSLO: 310.000 passasjerer fløy med SAS i mars. Det er en nedgang på 70 prosent sammenlignet med samme måned i fjor.

Samtidig har passasjerantallet økt med 40 prosent fra februar, skriver SAS i en pressemelding.

- Antallet passasjerer og fremtidige bookinger har økt i løpet av mars. Utviklingen av etterspørselen etter flyreiser er helt avhengig av den pågående vaksineringsen, og at reisebegrensninger kan lettes og koordineres mellom land og regioner, sier konsernsjef Rickard Gustafson. (NTB)

GARASJEPORTER - MARKISER - SCREENS - INTERIØRGARDINER

NORSK Kvalitet

SUPERPRISER!

-30%

FÅ DAGER IGEN!

PÅ GARASJEPORTER

TIL 18.04.

GRATIS BEFARING

911 50 200

fasadeprodukter.no

Fasade®
PRODUKTER